

Mn / 18.1.2000

Sakleg informasjon i Aftenposten?

Av Olav H. Aarrestad,
Oslo

At det ikkje nett er objektivitet og sanningskjærleik som særkjenner den moderne pressa, får ein to nye døme på i Aftenposten 12.12.: I artikkelen Quislings vrangside dreg Arne W. Aaslund fram at den syttenårige Vidkun i si tid slo gardsguten (Aaslunds morfar) mest helselaus og det heilt utan skjellig grunn. Skal dette vera eit prov på den unge Quislings mørke sider, bør vel òg den andre parten høy-

rast, eller som romarane alt sa det: Audiatur et altera pars. I dette tilfellet er det sjølv sagt heller vanskeleg å finna ut kva den andre parten meinte om saka. Truleg har det dreidd seg om knuffing som har utarta til slagsmål, og det er vel korkje uvanleg eller «usunt» blant unggutar. I det heile er det ein tankekross at ein som er vorten dømd til døden og avretta, skal dømast på ny og på ny. Hadde Quisling ikkje verti skotten, kunne ein vel ha full rett til å driva prokurator-

verksemd mot han i avis-spaltene, men eit menneske ein har teki livet av, har krav på det romarane sa om dei døde: Aut nihil, aut bene – anten ingenting eller det gode.

Eg dreg fram sitat frå romartida for å syna at sume fundamentale prinsipp skulle ha hatt god tid for å arbeida seg inn, men at dei likevel ikkje finn atterklang i den moderne pressa.

Det andre dømet på Aftenpostens evne til å bringa sakleg informasjon finn ein i omtalen av «Århund-

rets Hvem Hva Hvor» under eit bilete av Josef Stalin: «Den personifiserte Satan som utryddet millioner.» Når bibelsk ordmaga vert nytta til å informera om det 20. hundreåret, får ein ikkje nett hug til å kjøpa boka. I dei tre verste utreinskingsåra i Sovjetunionen, 1936-37-38, auka folketalet kvart år med 1,5 millionar. (I Jeltsins Russland går det ned med 0,5 millionar i året.) Korleis det skulle vera råd å utrydda 20 millionar menneske på dei same tre åra, slik sume vestlege «histo-

rikarar» hevdar, vert ei demografisk og matematisk gåte. Amerikanarane har aldri vilja gå med på meir enn 22 000 døde under bombinga av Dresden, men her er det i alle høve demografisk grunnlag for å hevda at talet kan ha vori 200 000. Det slår ein elles at personifiserte englar alltid er så skånsame når det gjeld offisielle tal på sivile offer, om det no gjeld tyske storbyar, Hiroshima, Vietnam, Irak eller Jugoslavia.